



Saksmappenr: 2025/277-6  
Arkiv: M70  
Sakshandsamar: Gudrun Sagneskar

## **Saksframlegg**

### **Valle kommune**

| <b>Saksnummer</b> | <b>Utval</b>  | <b>Møtedato</b> |
|-------------------|---------------|-----------------|
| 92/25             | Formannskapet | 18.06.2025      |
| 62/25             | Kommunestyret | 25.06.2025      |

### **Lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg, Valle kommune**

#### **Kommunedirektøren tilrår:**

Med heimel i Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 andre ledd og forskrift om brannførebygging § 17, vedtek Valle kommunestyre lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg i Valle kommune.

Forskrifta trer i kraft frå 25.06.2025.

#### **Handsaming i Formannskapet av sak 92/2025 den 18.06.2025:**

##### **Handsaming:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak:**

Med heimel i Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 andre ledd og forskrift om brannførebygging § 17, vedtek Valle kommunestyre lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg i Valle kommune.

Forskrifta trer i kraft frå 25.06.2025.

#### **Handsaming i Kommunestyret av sak 62/2025 den 25.06.2025:**

##### **Handsaming:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

##### **Vedtak:**

Med heimel i Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28 andre ledd og forskrift om brannførebygging



§ 17, vedtek Valle kommunestyre lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg i Valle kommune.

Forskrifta trer i kraft frå 25.06.2025.

## **Saksutgreiing:**

### **Samandrag/ konklusjon**

Setesdal brannvesen IKS har oversendt mal på forskrift om feie- og tilsynsavgift og ber eigarkommunane gjere eit vedtak på likelydande forskrifter.

Ei slik forskrift er viktig for å sikre at lovkravet er oppfylt. Forskrifta er også viktig for det offentlege og innbyggjarane, for å kunne forstå og ettersjå at sjølvkostprinsippet vert etterfølgt.

Framlegg til forskrift regulerer innkrevjing av gebyr for feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Valle kommune. Gebyret skal dekkje sjølvkost knytt til utføring av den lovpålagde tenesta. Feiing og tilsyn vert utført av Setesdal Brannvesen IKS som har fått delegert mynde frå kommunen. Forskrifta inneheld klare reglar for kven som skal betale gebyr, korleis gebyret blir fastsett, moglege fritak, samt innkrevjing og klagehandsaming.

Vedtak om forskrift er naudsynt for å ha heimel til å krevje inn gebyra, og for å sikre etterleving av brannførebyggingsreglane i kommunen.

### **Bakgrunn for saka**

Brann- og eksplosjonsvernlova § 28 pålegg kommunen å sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg. Etter same lov må kommunen fastsetje ei lokal forskrift for å kunne krevje inn gebyr for denne tenesta. Forskrift om brannførebygging § 17 utdjupar plikta til kommunen og viser til sjølvkostprinsippet ved fastsetjing av avgifter.

Valle kommune har ikkje vedteke forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg i tråd med nyare regelverk, og det er derfor naudsynt å få dette på plass.

Forskrifta inneheld reglar om gebyrplikt, differensiering, fritak, innkrevjing, samt klage og ikraftsetjing. Gebyrregulativet vert vedteke årleg av kommunestyret og vil konkretisere beløpa som skal krevjast inn.

### **Formelt grunnlag**

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernlova) § 28, andre ledd

### **Vurderingar og konsekvensar**

Forskrifta er nødvendig for at kommunen lovleg skal kunne krevje inn gebyr for lovpålagd feiing og tilsyn. Det er eit krav etter brann- og eksplosjonsvernlova at dette vert regulert gjennom lokal forskrift, og at forskrifta er klart heimla, rett utforma og tilstrekkeleg kunngjort. Dersom forskrifta ikkje vert formelt vedteken og kunngjort i tråd med forvaltningslova, kan kommunen risikere at gebyret ikkje kan krevjast inn overfor innbyggjarane.

Framlegg til forskrift tek høgde for at feiing og tilsyn kan utførast etter behov og basert på risikovurdering. Det gjev også høve til å differensiere gebyret etter abonnentgrupper, og det



inneheld klare vilkår for fritak. Forskrifta er utforma med tanke på openheit og rettstryggleik, og inneheld eigne reglar om klagehandsaming.

Innkrevjing skjer saman med andre kommunale avgifter, noko som gjev ei effektiv og kostnadssparande løysing.

Valle kommune har hatt lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg ute på høyring. Høyring er kunngjort på kommunen si heimeside og gjennom annonse i Setesdølen 24.04.2025. Det har ikkje kome innspel på høyringa.

Fullstendig forskrift vert publisert på kommunen si heimeside og kunngjort i Setesdølen med kort omtale om kor ein kan få informasjon om forskrifta.

Statsministerens kontor har i rundskriv 30. januar 1987 bestemt at kommunale avgiftsforskrifter ikkje skal kunngjerast i Norsk Lovtidend, men i den lokale presse, anten i heil tekst eller ei kort omtale med opplysning om kor ein kan få informasjon om forskrifta.

Kommunedirektøren tilrår at framlegg til Lokal forskrift om feie- og tilsynsavgift for fyringsanlegg, Valle kommune vert fastsatt og gjort gjeldande frå 25.06.2025.

Valle, den 15.04.2025

Vidar Homme  
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 FORSLAG til Lokal gebyrforskrift - Feiing og tilsyn m. fyringsanlegg
- 2 SAK 31-23 Forslag til lokal forskrift om feie og tilsynsavgift.pdf
- 3 SAK 31-23 Forslag til lokal forskrift om feie og tilsynsavgift.pdf
- 4 Vedtak\_representantskap

**Andre dokument i saka:**